

**Sakshandsamar:**

Ina Therese Sørfonden  
E-post: Ina.Sorfonden@sfj.no  
Tlf.: 41530709

**Vår ref.**

Sak nr.: 15/5202-5  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internt l.nr.**

28720/15

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 20.08.2015

[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no).

## Høyringsfråsegn - Endring av modell for styring og leiing i universitets- og høgskulelova

Vedlagt ligg Sogn og Fjordane fylkeskommune si høyringsfråsegn, sjå vedlagt saksprotokoll og saksutgreiing.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Ina Therese Sørfonden  
juridisk rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

Saksprotokoll  
Saksutgreiing

Mottakar (ar)

[postmottak@kd.dep.no](mailto:postmottak@kd.dep.no).

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/5202-3

## **Høyring - Endring av modell for styring og leiing i universitets- og høgskulelova**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det regionale folkevalde nivået fortsatt skal ha rett til å velje representantar til styra ved dei høgare utdanningsinstitusjonane i Noreg. Fylkeskommunen er difor ikkje samd i forslaget om at myndet til å nemne opp to eksterne styremedlem med personelege vararepresentantar skal takast frå fylkeskommunane og overførast til departementet.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ordninga med personelege vararepresentantar vert vidareført. Dersom departementet følger fylkeskommunen sitt innspel om å vidareføre dagens ordning med fylkeskommunalt val og likevel ynskjer numerisk varaliste, må det i tilfelle regulerast korleis fordelinga mellom fylkeskommunen og departementet skal vere når det gjeld plasseringane på lista.
3. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel ikkje vert teke til følge, jf. pkt. 1 og 2 over, legg fylkeskommunen til grunn at departementet ved oppnemning av alle eksterne styremedlem, tek omsyn til høgskulen sitt regionale ansvar og tek sikte på å sikre regional forankring i styra. Dersom departementet skal nemne opp alle dei eksterne medlemmane til styret, må det ligge til grunn føringar som sikrar regional forankring og som reflekterer institusjonen sitt regionale ansvar. Dette vil også vere i tråd med departementet sin uttalte ambisjon om å vidareutvikle institusjonane si regionale rolle.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om ei presisering av innhaldet i ordlyden «særlige tilfeller» som kan tilseie at departementet skal kunne fastsette ei anna styresamansetning eller styreordning enn det som går fram av forslag til ny § 9-3 (1), (3) og (4).
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til forslag om å endre føresegnene om hovudmodell for styring og leiing, samt føresegnene for fastsetjing av styret si godtgjersle.

### Vedlegg:

Høyringsnotat - forslag til endringar i universitets- og høyskoleloven

### Andre dokument som ikkje ligg ved:

Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### **1. Bakgrunn for saka**

Kunnskapsdepartementet har 26.06.2015 sendt på høyring forslag til endringar i universitets- og høyskoleloven, jf. Meld. St. 18 (2014-2015) Konsentrasjon for kvalitet – Strukturreform i universitets- og høyskolesektoren (strukturmeldinga).

Frist for å gi høringsuttale er 15. august 2015. Det er gjeve utsett frist for å levere inn slik uttale som følgje av at saka først kunne handsamast politisk i fylkesutvalet sitt møte 17.08.2015.

Departementet foreslår følgjande endringar i lova

- Hovudmodell for styring og leiing
- Føresegner om oppnemning av eksterne styremedlemmar til statlege høgskular
- Føresegner om fastsetjing av styret si godtgjersle

Det vert vidare foreslått at vedtak om å endre styrings- og leiingsmodell, på linje med andre vedtak som styret gjer, bør krevje alminneleg fleirtal. Etter gjeldande rett krev endring minst to tredjedels fleirtal.

Departementet sin uttalte ambisjon med strukturmeldinga var bl.a.

- Å styrke kvaliteten på utdanning og forskning
- God tilgang på høgare utdanning over heile landet
- Vidareutvikle institusjonane si regionale rolle.

Dei konkrete lovforslaga ligg i høringsnotatet side 10-12.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

For perioden 1. august 2015 til 31. juli 2019 har Sogn og Fjordane fylkeskommune valt to eksterne styrerepresentantar til statleg høgskule med personleg vararepresentantar. Dette gjeld styret for Høgskulen i Sogn og Fjordane, jf. FU-sak 30/15, handsama i møte dagsett 26.03.2015.

Høgskulestyret har i sak 3/15, handsama i møte 05.02.2015, vedteke at dei ynskjer å halde fram som sjølvstendig høgskule med eit forpliktande samarbeid og arbeidsdeling med andre institusjonar.

#### Ny hovudmodell for styring og leiing ved statlege universitet og høgskular

Departementet foreslår at ekstern styreleiar og tilsett rektor bør vere hovudmodellen for styring og leiing ved statlege universitet og høgskular. Universiteta og høgskulane forvaltar store ressursar for fellesskapet, og skal sørgje for gjennomgåande høg kvalitet innan forskning, utdanning og formidling. Dette krev godt og profesjonelt leiarskap. I tillegg vil dei komande strukturendringane i norsk universitets- og høgskulesektor krevje god leiing. Departementet meiner at ein modell med ekstern styreleiar og tilsett rektor på best måte vil legge til rette for å rekruttere dei beste leiarane.

Fylkesrådmannen har ingen innvendingar til endringa som departementet skisserer her. Institusjonar med valt rektor som styrets leiar vil fortsatt kunne halde fram med ein slik modell dersom eit fleirtal av styret sine medlemmar ynskjer dette. Fylkesrådmannen ser ikkje at dette endringsforslaget saman med forslaget om å endre krav om to tredjedels fleirtal til krav om alminneleg fleirtak for vedtak om å endre styringsmodell, vil få konsekvensar for til dømes styringsmodellen for HiSF. Sidan 2007 har HiSF hatt ordninga med ekstern styreleiar og tilsett rektor. I høgskulestyret si handsaming av strukturmeldinga har høgskulen sjølv ingen uttala innvendingar til denne endringa.

Endring av føresegner om oppnemning av eksterne styremedlemmar til statlege høgskular

Departementet foreslår å endre lova sine føresegner om at fylkeskommunen nemner opp to eksterne styremedlemer ved statlege høgskular, slik at mynde i staden vert lagt til departementet. Dette var ordninga før endringane av 2009 (jfr.Ot.prp.10(2008-2009). Vidare foreslår departementet at eksterne styremedlemmar ikkje lenger skal ha personlege vararepresentantar og i staden innføre den tidlegare ordninga med numeriske vara.

Styret har normalt fire eksterne medlemmar. I 2009 ble universitets- og høgskulelova endra, slik at departementet og fylkeskommunane vel to eksterne styremedlemmar kvar for de statlige høgskulane. Bakgrunnen for endringa var eit ynskje om å bringe høgskulane nærare regionale behov og å styrke dei som regionale kunnskaps- og utviklingsaktørar.

Fylkesrådmannen er samd i departementet sitt syn om at det er viktig å vurdere den eksterne representasjonen samla når styret står på val. Fylkesrådmannen deler også departementet sitt ynskje om å komme fram til ei samansetning av styremedlemmar som samla sett kan tilføre styrearbeidet erfaringar og kompetanse i tråd med institusjonane sin profil og utviklingsmoglegheiter. Fylkesrådmannen delar likevel ikkje departementet sitt syn om at omsynet til kompetansebehovet best sikrast gjennom å legge den samla vurderinga av eksterne styremedlemmar til departementet. Fylkesrådmannen meiner derimot at dagens modell ikkje er til hinder for å sikre kompetansebehovet i høgskulestyra.

Etter dagens ordning har fylkeskommunen rett til å velje to representantar med personelege vararepresentantar til styret for HiSF. Denne høgskulen er ein institusjon som forvaltar store ressursar for regionen. Det er viktig for fylkeskommunen å ta vare på og på ein god måte forvalte sine moglegheiter for lokal påverknad ovanfor slike institusjonar som både skal sikre forskning, utdanning og arbeidsplassar i regionen. Fylkesrådmannen er av den oppfatning at dagens modell er best eigna til å sikre regional forankring slik at institusjonane held fram som regionale kunnskaps- og utviklingsaktørar. Det er difor ynskjeleg at fylkeskommunen skal halde fram med å velje to representantar til styret for HiSF.

Universitets- og høgskolerådet (UHR) har i 2014 henta innspel frå høgskulane i dette spørsmålet. Fleire peikar på at styremedlemmane gjer ein god innsats, men at omsynet til styret sitt samla kompetansebehov betre kan takast i vare dersom valet ikkje er delt. UHR har difor bede om at departementet skal nemne opp alle de eksterne styremedlemmar, og at det skal veljast numeriske, ikkje personlige, vararepresentantar til styra.

Fylkesrådmannen er samd med UHR i at styret sitt samla kompetansebehov er ein viktig faktor for å oppnå god styring og leiing. Likevel er fylkesrådmannen av den oppfatning at omsynet til høgskulestyra sitt samla kompetansebehov kan bli teke tilstrekkeleg i vare ved å legge sterkare føringar på departementet og fylkeskommunane sine oppnemningar.

Fylkesrådmannen registrerer at både UHR og departementet har erfart tilfelle der eksterne styremedlemmar oppnemnd av fylkeskommunane vert oppfatta å komme med politiske føringar frå dei som valt dei. Fylkesrådmannen legg til grunn at eksterne styremedlemmar skal vere fri frå pålegg frå andre i sitt styrearbeid, då eit styreverv er personleg.

I dag vel fylkeskommunen to representantar på fritt grunnlag. Fylkesrådmannen ser at det kan vere ei hensiktsmessig løysing at det vert lagt føringar for valretten som ligg til både departementet og fylkeskommunen for å sikre rett kompetanse i styra. Fylkesrådmannen ynskjer likevel å peike på at fylkeskommunen sine oppnemningar til no har vore i tråd med ynskje om tilknytning til næringslivet og å styrke det eksterne perspektivet i styrearbeidet.

Fylkesrådmannen vil også understreke si oppfatning om at Sogn og Fjordane har tilstrekkeleg kompetente kandidatar til å stette departementet sitt ynskje om å profesjonalisere styra.

Dersom det vert gjeve føringar for valet av eksterne styremedlemmar vil det sikre ei heilskapleg vurdering av det samla kompetansebehov for styra ved dei statlege høgskulane, som nettopp er føremålet med den føreslåtte endringa. I desse føringane må det bli understreka eit krav til styremedlemmane sin kompetanse om lokale og regionale behov.

For institusjonar som har tilsett rektor, er det departementet som peikar ut styreleiar blant dei eksterne medlemmane. Fylkesrådmannen meiner difor at departementet etter gjeldande rett har god moglegheit til å sikre at øvste leiar i styret har tilstrekkeleg god kompetanse innan styring og leiing.

Fylkesrådmannen ser dei praktiske utfordringane som fylkeskommunane sin valrett kan medføre dersom enkelte institusjonar vert slått saman på tvers av fylkesgrensene som følgje av strukturmeldinga. Fylkesrådmannen meiner likevel at denne utfordringa må kunne løysast på ein annan måte enn den føreslåtte modell og på det tidspunktet det ev. skulle vise seg å bli ei reell problemstilling.

Departementet vil i tillegg endre varaordninga slik at det i staden for personlige vara-representantar blir sett opp ei numerisk varaliste for kvar institusjon sitt styre. Departementet meiner den føreslåtte endringa vil gje større kontinuitet i styrearbeidet.

Fylkesrådmannen er ikkje ueinig i dette synspunktet. Ei numerisk varaliste vil på den andre sida harmonisere dårleg med at fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet i sitt høyringssvar ber om å halde fram med ordninga der fylkeskommunane peiker ut to eksterne styrekandidatar. Vert denne ordninga vidareført og ein likevel ynskjer numerisk varaliste, må det i tilfelle regulerast korleis fordelinga mellom fylkeskommunen og departementet skal vere når det gjeld plasseringane på lista.

#### *Endring av føresegner om fastsetjing av styret si godtgjersle*

Det er forslag om at mynde til å fastsetje styregodtgjersla skal leggest til departementet. I dag ligg det til dei enkelte styra. Departementet opplyser i sitt høyringsnotat at dei i liten grad er kjend med kva godtgjersler dei enkelte styra har fastsett, men meiner på prinsipielt grunnlag at eit styre ikkje bør fastsette si eiga godtgjersle.

Fylkesrådmannen har ingen innvendingar til departementet sitt prinsipielle synspunkt og forslag til endring.

### **3. Konklusjon**

Sjå framlegg til vedtak.



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 17.08.2015

---

**Sak nr.:** 15/5202-4

**Internt l.nr.:** 28355/15

**Sak:** 81/15

**Tittel:** Høyring - Endring av modell for sttyring og ledelse i universitets- og høgskuleloven

**Behandling:**

### Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune meiner at det regionale folkevalde nivået fortsatt skal ha rett til å velje representantar til styra ved dei høgare utdanningsinstitusjonane i Noreg. Fylkeskommunen er difor ikkje samd i forslaget om at myndet til å nemne opp to eksterne styremedlem med personelege vararepresentantar skal takast frå fylkeskommunane og overførast til departementet.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om at ordninga med personelege vararepresentantar vert vidareført. Dersom departementet følger fylkeskommunen sitt innspel om å vidareføre dagens ordning med fylkeskommunalt val og likevel ynskjer numerisk varaliste, må det i tilfelle regulerast korleis fordelinga mellom fylkeskommunen og departementet skal vere når det gjeld plasseringane på lista.
3. Dersom Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt innspel ikkje vert teke til følgje, jf. pkt. 1 og 2 over, legg fylkeskommunen til grunn at departementet ved oppnemning av alle eksterne styremedlem, tek omsyn til høgskulen sitt regionale ansvar og tek sikte på å sikre regional forankring i styra. Dersom departementet skal nemne opp alle dei eksterne medlemmane til styret, må det ligge til grunn føringar som sikrar regional forankring og som reflekterer institusjonen sitt regionale ansvar. Dette vil også vere i tråd med departementet sin uttalte ambisjon om å vidareutvikle institusjonane si regionale rolle.
4. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber om ei presisering av innhaldet i ordlyden «særlige tilfeller» som kan tilseie at departementet skal kunne fastsette ei anna styresamansetning eller styreordning enn det som går fram av forslag til ny § 9-3 (1), (3) og (4).
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ingen merknader til forslag om å endre føresegnene om hovudmodell for styring og leiing, samt føresegnene for fastsetjing av styret si godtgjersle.